

Verneplan for skog

Tilråding om vern av Tårånli naturreservat i Kviteseid kommune



Svartonekjuke på mosegrodd granlåg. Foto: Maria K, Hertzberg

**Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
Februar 2023**

INNHALD

1. Framlegg.....	side 1
2. Heimel.....	side 1
3. Verneverdiar.....	side 2
4. Andre interesser.....	side 4
5. Trugslar mot verneverdiane.....	side 4
6. Sakshandsaming.....	side 4
7. Viktige endringar under handsaminga av verneplanen.....	side 5
8. Forvaltning, økonomiske og administrative konsekvensar.....	side 5
9. Lokal og sentral høyring.....	side 5
9.1. Generelle merknader ved lokal og sentral høyring.....	side 6
9.2. Generelle merknader til forskrift ved lokal og sentral høyring.....	side 9
9.3. Statsforvaltaren sine kommentarar og tilrådingar til dei generelle merknadene.....	side 10
9.4. Merknader til det føreslegne området.....	side 10
9.5. Statsforvaltaren sine kommentarar og tilrådingar til det føreslegne området.....	side 10

Vedlegg

1. Framlegg til forskrift for Tårånli naturreservat

Framlegg til avgrensing av Tårånli naturreservat følgjer som eige kartvedlegg

1. Framlegg

Statsforvaltaren gjer med dette framlegg om vern av skog i privat eige i Vestfold og Telemark fylke. Framlegget til vern er tufta på ordninga med friviljug vern av skog.

Området det gjeld er Tårånli naturreservat i Kviteseid kommune. Området har fått lokal-regional verneverdi (*-**) i samband med registrering av biologiske verdiar (prosjekt frivillig vern 2015, 2018 og 2020).

Namn	Kommune	Tal på grunneigarar	Totalareal	Verneverdi
Tårånli naturreservat	Kviteseid	4	3544 daa	Lokal-regional (*-**)

2. Heimel

Området vil bli verna som naturreservat med heimel i lov av 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven). I lova er det i §§ 35 til 39 gjeve heimel for ulike vernekategoriar. Generelle mål for områdevern fylgjer av naturmangfoldloven sin § 33. Føremålet med det einskilde verneområdet må likevel skildrast konkret og knytast opp mot vilkåra som gjeld for den einskilde vernekategorien i §§ 36 og 37. Naturreservat er det strengaste vernet etter naturmangfoldloven.

Vedtak om oppretting av naturreservat vert gjort av Kongen i statsråd etter naturmangfoldloven sin § 37, som lyder slik:

”Som naturreservat kan vernes områder som:

- a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,*
- b) representerer en bestemt type natur,*
- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,*
- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst eller*
- e) har særskilt naturvitenskapelig verdi*

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenoppettingstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenoppettingstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for bevaring av det biologiske mangfold, skal det samtidig med vernevedtaket legges fram et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk kompensasjon til private som bidrar til områdets skjøtsel.”

Vurdering i høve til naturmangfoldloven kap. II

Med omsyn til kunnskapsgrunnlaget (jf. § 8 i nml.), så ligg det føre god dokumentasjon av artar og naturtypar i området, jf. omtala i kap. 3 Verneverdiar. Restriksjonane på inngrep og tiltak som verneforskrifta regulerer vil take vare på verneverdiane, og den bruken som vert

tillate vidareført vil ha liten negativ verknad på dei. På bakgrunn av det kunnskapsgrunnlaget som ligg føre er vår vurdering difor at effekten av vernet på verneverdiane og naturmangfaldet i sum vil vere positiv. Ut frå denne konklusjonen ser vi det ikkje som naudsynt å gå nærare inn på prinsippa i naturmangfoldloven §§ 9-12.

3. Verneverdiar

Under gjer ein greie for det som er kjend om biologiske registreringar i tilknytning til det føreslege naturreservatet Tårånli i Kviteseid kommune. Grunna ulike tilbod som har kome inn undervegs i vernearbeidet, består området av tre kartlagde areal, med eige faktaark for kvart einskilde område. Det vart gjennomført naturfaglige registreringar av området som omfattar Merrdalsristin i 2015, og i området som omfattar Tårånli vart naturfaglige registreringar gjennomført i 2018. Området som bind saman desse to områda vart undersøkt i 2020.

Merrdalsristin (2016): Området pregast av relativt liten vegetasjonsvariasjon der fattig til intermediær barskogs vegetasjon dominerer store delar av arealet. Det fuktige mikroklimaet, og stadvis god tilgang på sigevatn/kjeldevatn, bidrar til noko meir frodig vegetasjon i parti. Store delar av området er ein mosaikk av bærlyngskog, blåbærskog og småbregneskog i det som for det meste er grandominert skog. I tillegg finst bjørk, selje og rogn spreidd i heile området.

Artsmangfald innan relevante undersøkte grupper (lav, sopp, mosar, karplantar) vurderast å vere av ordinær karakter. Det vart gjort spreidde funn av duftskinn *Cystostereum murrayi*, grankvitkjuke *Antrodia heteromorpha*, granrustkjuke *Phellinus ferrugineofuscus* og *piggbroddsopp* *Asteron ferruginosus*. Søk etter krevjande artar resulterte berre i spreidde funn av gubbeskjegg *Alectoria sarmentosa* (NT), mest i høgareliggande delar av området. Gode førekomstar av fleire suboseaniske til oseaniske moseartar som heimose *Anastrepta orcadensis* og rødmuslingmose *Mylia taylorii* bør nemnast.

I forhold til mangelanalyser for skogvern i Norge fangar Merrdalsristin i liten grad opp opplista miljø. Verdiane er i første rekke lokalt viktige sett i lys av at området er eit relativt stort samanhengande areal med granskog med intakt preg. Området scorar gjennomgåande lågt på dei fleste verdiparameterar og endar opp med lokal verdi (*).

Tårånli (2019): Eldre skog dominerer undersøkt område, men det førekjem parti med yngre hogstklassar og i liten grad hogstflater. Gamal granskog dominerer i friske søkk og i ein del lisider. Her finst også rikelige førekomstar med daud ved av gran, og ein stor del av denne skogen ber preg av ein viss grad av kontinuitet. I mindre parti førekjem grove individ og død ved av osp. Store areal består av gamal glissen furuskog, men det er få grove individ av furu i området og furugadd førekjem spreidd. Det vart påvist eit fåtal brannstubbar i området. Området i sin heilhet ber lite preg av inngrep i nyare tid.

I parti er det ein forholdsvis stor andel av kontinuitetsberande strukturelement, og disse areala førekjem først og fremst i kjerneområda. Av raudlista artar vart gubbeskjegg *Alectoria sarmentosa* (NT), sprikeskjegg *Bryoria nadvornikiana* (NT), svartsonekjuke *Phellinus nigrolimitatus* (NT), rynkeskinn *Phlebia centrifuga* (NT), rimnål *Chaenathecopsis viridalba* (NT) og barlind *Taxus baccata* (VU) registrert. Med unntak av barlind har alle ovanstående

artar ein tilknytning til skog med ein viss grad av kontinuitet. Utover dette vart det påvist ospeildkjuke *Phellinus populicola* og piggbroddsopp *Asteron ferruginosus*.

Området inneheld 34 daa gamal granskog som har middels udekt vernebehov i fylket. Naturtypen dekker ein relativt liten andel av det totale verneframlegget (mindre enn 10%) og oppnår difor låg mangeloppfylling på mangelnaturtypar. Området vurderast til lokalt verneverdig (*).

Tårånli, utviding (2020): Det vart påvist gubbeskjegg *Alectoria sarmentosa* (NT) og svartsoneskjuke *Phellinus nigrolimitatus* (NT) fleire stader, og for det meste konsentrert til kjerneområda. Det vart også funnen sprikeskjegg *Bryoria nadvornikiana* (NT), sukkernål *Chaenotheca subroscida* (NT) og blanknål *Calicium denigratum* (NT). Av signalartar vart randkvistlav *Hypogymnia vittata* funnen på bergvegg og hakkespor av tretåspett *Picoides tridactylus* vart sett på gran.

Verneframlegget sine verdiar er i stor grad knytt til at det samla arealet av Tårånli naturreservat er eit relativt stort samanhengande barskogsområde med eit intakt preg. Verneframlegget oppnår høg mangeloppfylling på mangelnaturtypar (390 daa gamal høgareliggande granskog) og ingen-lav mangeloppfylling på dei generelle manglar. Området er i nordboreal og mellomboreal sone og under 10 kvadratkilometer, og er difor for lite til å vurderast som storområde. Området har difor ingen-lav mangeloppfylling, og Tårånli utviding vurderast til lokalt verneverdig (*).

Samandrag, verneverdiar: Kvar einskild kartlegging har konkludert med at det er lokal verneverdi (*). Det er totalt avgrensa sju kjerneområde og påvist åtte raudlista artar (Raudlista av 2015). Ein av dei raudlista artane, rimnål, har blitt flytta frå raudlistestatusen NT (2015) til ny raudlistestatus VU (sårbar) i 2021. I fem av kjerneområda har kartleggar gjeve ein samla verdi på to stjerner, medan dei to andre kjerneområda har fått ei stjerne. Når det gjeld tema urørtheit har alle sju område fått tre stjerner, på daud ved har tre område fått tre stjerner, og på daud ved kontinuitet har fire område fått tre stjerner.

Under registreringane i området vart det og observert sporsteikn av *tretåspett*, som no er raudlista (NT, Raudlista av 2021). Fuglar er ikkje kartlagt i området. Statsforvaltaren er kjend med at dei raudlista fugleartane *fiskeørn* (frå NT i 2015 til VU i 2021), *hønsehauk* (frå NT i 2015 til VU i 2021) og *vepsevåk* (NT på Raudlista i 2021) jamleg vert observera i området. Statsforvaltaren legg til grunn at det er potensiale for fleire fugleartar i tilbodsområdet som kan vere raudlista, mellom anna *granmeis* som no er sårbar (VU) på den nye raudlista. Det er og villrein innafor området (omsynssone i føresegnene til kommuneplan). Med bakgrunn i det som er nemnd over meiner Statsforvaltaren at tilbodsområdet oppnår **lokal-regional verneverdi (*-**)**.

Føremål

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit urørt og samanhengande område som har særleg verdi for biologisk mangfald på grunn av førekomst av gamal granskog, høgstaudeskog og lågurtskog.

Området har særskilt naturvitskapeleg verdi på grunn av førekomst av barlind, sjeldne og truga artar av sopp og lav, samt gamle tre og daud ved.

4. Andre interesser

Planstatus

Arealet ligg i område sett av til LNFR (landbruks- natur- og friluftsområde) formål i kommuneplanen sin arealdel (2019-2030). I tillegg ligg arealet innanfor omsynssone H560_1, i føresegnene i kommuneplanen som H560_1 «bevaring naturmiljø – villreinområdet Våmur-Roan. Omsynet til villreinen og villreinens leveområde skal vege tyngst i all arealforvaltning i denne sona.».

Tekniske inngrep

Det er ein traktorveg i sør-austre del av reservatet (ved Lundebergbekken). Denne er vist på vernekartet.

5. Trugslar mot verneverdiane

Skogsdrift vil vere ein trugsel mot verneverdiane. Ferdsel og beiting vert ikkje sett på som nokon trugsel i området i dag.

6. Sakshandsaming

Bakgrunn

Vern av skog har dei siste 15 åra vorte prioritert i verneplanarbeidet i Noreg. Gjennom handsaming av St.meld. nr. 25 (2002-2003) slutta Stortinget seg til Regjeringa si innstilling om ei kraftig opptrapping av skogvernet i Noreg. St.meld. nr. 25 trakk og opp viktige prinsipp og satsingsområde for ei slik opptrapping av skogvernet. Mellom anna at eit utvida skogvern skulle følgja dei faglege råda i rapporten "*Evalueringen av skogvernet i Norge*", laga av NINA og Skogforsk.

I meldinga blei friviljug vern trekt fram som ein viktig strategi for det framtidige skogvernet i Noreg. Friviljug vern tyder at skogeigar(-ane) tilbyr staten vern av eigen skog. Miljøvernmynda vurderer tilboda og gjer naturfaglege registreringar for å kartleggje verneverdiane. Om det etter ei slik registrering er aktuelt å legge fram eit verneforslag for det aktuelle arealet, skal det gjennomførast forhandlingar med grunneigar om avgrensing, verneforskrift og økonomisk erstatning. Det vanlege er at når staten og grunneigar er samde om desse punkta vil området gjennomgå vanleg sakshandsaming i tråd med naturmangfoldloven. Etter avtale med grunneigar kan melding og høyring av verneframlegg likevel gjerast før avtale er underteikna.

Konkret om området

Tilbodet kom 21.november 2017 gjennom NORSKOG, og utvidingstilbod 27. mai 2020 gjennom AT Skog. Det er gjort registreringar av naturverdiane i området i 2015, 2018 og 2020 som dokumenterer verdiane som kvalifiserer for vern etter naturmangfoldloven.

Melding om oppstart

Formell melding om start på verneplanarbeidet vart meldt 29. oktober 2021 med frist 15. desember. Innkomne merknader vart kommentert i høyringsdokumentet. Det kom inn eitt

fråsegn etter frist for uttale. Fråsegnen var frå NVE med brev dagsett 16.03.22, og kjem fram i kapittel 9.4.

Høyring

I samsvar med naturmangfoldloven og reglane om sakshandsaming til denne, sendte Statsforvaltaren framlegget til vern ut på høyring 27. januar 2022, med frist 1. april. Det vart gjort ei felles lokal og sentral høyring. Det kom inn 14 fråsegner til høyringa som omfatta 11 område, der seks fråsegner var til lokal høyring og åtte fråsegner til sentral høyring. NVE kom med to uttaler, den fyrste ein forsinka uttale til oppstartsmeldinga som var på sentral høyring. Den andre uttala kom i samband med høyring 29.03.22. Førre AS sto ikkje i adresselista. Difor er deira uttale motteke etter høyringsfristen. Når det gjeld Tårånli kom det sju fråsegner, seks sentrale og ein lokal. Nedanfor er fråsegnene som var knytt til Tårånli omtala (kap. 9.1.).

Vidare sakshandsaming

Statsforvaltaren sender, på bakgrunn av høyringsdokumentet og innkomne fråsegner, tilråding om vern til Miljødirektoratet. Til vanleg vil det på dette tidspunktet i verneprosessen vere gjennomført forhandlingar og underskrive avtalar med grunneigarane. Miljødirektoratet legg fram saka for Klima- og miljødepartementet, som deretter vil førebu saka og gjere framlegg om vernevedtak for Kongen i statsråd. Etter vernevedtak ved kgl. res. vil erstatninga i tråd med underskrivne avtalar bli betalt ut av Miljødirektoratet. Statsforvaltaren får etter det normalt i oppdrag å gjere vedtaket kjent lokalt og sørge for at naturreservatet blir forsvarleg merka og skilta. Dette vert vanlegvis gjort ved at Statsforvaltaren ber om grensegang ved jordskifteretten, i dette høvet vil det bli ved Telemark jordskifterett.

7. Viktige endringar under handsaminga av verneplanen

Det har ikkje vore endringar av betydning i verneprosessen for Tårånli. Grensa har blitt endra noko ved inntaksdam ved Merrdalsbekken etter høyringa. Dette etter innspel frå Vrådal Kraft AS. Endringa er visualisert i tilrådingskartet.

8. Forvaltning, økonomiske og administrative konsekvensar

Det er etter Statsforvaltaren si vurdering ikkje trong for forvaltingsplan for dette området. Vern av arealet vil ikkje føre med seg stor trong for oppsyn.

9. Lokal og sentral høyring

Verneplanen for Tårånli naturreservat vart sendt på lokal høyring til grunneigarar, Kviteseid kommune, Vestfold og Telemark fylkeskommune, og til følgjande brukarorganisasjonar, regionale statlege etatar, næringsinteresser og lokale interesseorganisasjonar (vi har sendt ei felles høyring for 11 områder, difor er ikkje alle adressatane relevante for Tårånli naturreservat):

Drangedal skogeierlag, Drangedal JFF, Drangedal og Tørdal bondelag, DE Nett AS (tidl. Drangedal Everk AS), Fyresdal turlag, Fyresdal JFL, Fyresdal skogeigarlag, Fyresdal Bondelag ved Hans Christian Jørgensen, Grenland friluftsråd, Hjartdal Elverk AS, Holla bondelag, Holla JFF, Lunde JFF, Lunde og Flåbygd Bondelag, Kviteseid JFF, Kviteseid skogeigarlag, Kviteseid bondelag, Kviteseid turlag, Nome skogeigarlag, Seljord skogeigarlag, Seljord JFL, Seljord

turlag, Naturvernforbundet i Midt-Telemark, Forum for natur og friluftsliv i Telemark, Naturvernforbundet i Telemark, NJFF Telemark, BirdLife Telemark (tidlegare NOF Telemark), Telemark Energi AS, Telemark turistforening, Vestfold og Telemark orienteringskrets, Tinn Energi, Statens Vegvesen Region Sør, Norges Vassdrags- og energidirektorat Region Sør, Føre AS, Skagerak Energi AS, Skagerak Kraft, Vest-Telemark Kraftlag AS, Øst-Telemarkens Brukseierforening, Arendal Vasdrags Brugseierforening, Lede AS (tidl. Skagerak Nett), Telemark Orienteringskrets, Telemark Bonde- og Småbrukarlag, Telemark Bondelag, Telemark Botaniske Forening og Telemark Sau og Geit.

Verneplanen ble sendt på sentral høyring til:

AVINOR AS, Bane NOR SF, Den Norske Turistforening, Direktoratet for mineralforvaltning, Forsvarsbygg, Friluftsrådernes Landsforbund, Institutt for biovitenskap - Universitetet i Oslo, Kommunenes sentralforbund, Landbruksdirektoratet, Luftfartstilsynet, Natur og Ungdom, Naturvernforbundet, NHO Reiseliv, Norges Bondelag, Norges Geologiske Undersøkelser, Transition Elements AS, Norges Handikapforbund, Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norges Luftsportsforbund, Norges miljø- og biovitenskapelige universitet, Norges Miljøvernforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges vassdrags- og energidirektorat, Norsk Biologforening, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norsk Botanisk Forening, Norsk Friluftsliv, Norsk institutt for bioøkonomi, Norsk institutt for naturforskning, Norsk Organisasjon for terrengsykling, Norsk Orkideforening, Norsk Ornitologisk Forening, Norsk Sau og Geit, Norsk Zoologisk Forening, NORSKOG, NSB hovedadm., NTNU Fakultetet for naturvitenskap og teknologi, NTNU Ringve botaniske have, NTNU Vitenskapsmuseet, SABIMA, Språkrådet, Statens Kartverk, Statkraft SF, Statnett SF, Universitetets naturhistoriske museer og botanisk hage, Vegdirektoratet og WWF-Norge.

I tillegg vart høyringa annonsera i avisene Varden, Telemarksavisa og Vest-Telemark Blad.

9.1. Generelle merknader ved lokal og sentral høyring

Lokal og sentral høyring

Bane NOR SF (brev dagsett 03.02.2022):

«Område vedkjem ikkje jernbanens interesser og Bane NOR har ingen merknader til verneplanen.»

NVE (brev dagsett 16.03.2022):

«NVE har sett gjennom oppstartsmeldingen for de foreslåtte verneområdene med tanke på energi- og vassdragsinteresser som eksisterende og planlagte energi- og nettanlegg, vannkraftverk, hydrologiske målestasjoner m.m.

I områdene Sannesnåsa, Finndalstveit-Finndølajuvet, Kleppefjell, utvidelse, Tårånli, Hyttedokkåsen, Skitnebufjellet, utvidelse, inkl. Niveliåsen, SvartevjuvVestfjellet og Modalen er det ulike energi- og vassdragsinteresser i forbindelse med reguleringsmagasin og kraftverk. Nærmere kommentarer om områdene står beskrevet videre i dette dokumentet.

NVE ber om at alle berørte parter blir inkludert i adresselisten. Dette gjelder

områdekonsesjonærer, netteiere, magasinregulanter, kraftselskapseiere, grunneiere m.m. Dette er for at de skal få muligheten til å uttale seg om hvorvidt vern påvirker eksisterende eller fremtidige planer. NVE kan ikke se at brukseierforeningene i de aktuelle kommunene er på høringslisten, dvs. ØstTelemarkens Brukseierforening (ØTB) og Arendals Vasdrags Brugseierforening (AVB).

Skagerak Kraft AS har uttalt seg og vil bemerke at det er viktig at denne type saker underlegges grundige saksbehandlingsprosesser og at alle involverte interessenter gis anledning til å uttale seg. AVB har blitt informert om vern av Skagerak Kraft AS og har uttalt seg. NVE støtter opp under Skagerak Kraft AS sin uttalelse og ber statsforvalteren ta uttalelsen til følge.

Statnett har uttalt seg ifb. oppstartsmeldingen og informerer at de ikke har transmisjonsnettanlegg som blir berørt av planene og har derfor ingen merknader.

Nettanlegg

NVE gjør oppmerksom på at Telemark Energi AS (tidligere Midt-Telemark Energi AS), DE Nett AS (tidligere Drangedal Everk AS), Vest-Telemark Kraftlag Nett AS (tidligere VestTelemark Kraftlag AS), Lede AS (tidligere Skagerak Nett AS), Everket AS (tidligere Notodden Energi Nett AS) og Stannum AS (tidligere Tinn Energi Nett AS) har områdekonsesjon i de ulike verneområdene. Vi oppfordrer nettselskapene til å uttale seg om verneforslaget kommer i konflikt med eksisterende eller fremtidige prosjekter. NVE har ikke detaljert kjennskap til planer knyttet til distribusjonsnett. Det er spesielt viktig at områdekonsesjonærene og netteierne uttaler seg om aktuelle planer. NVE ber nettselskapene til å uttale seg selv i tilfeller uten konflikt.

For at selskapene skal ha mulighet til å uttale seg videre i prosessen, ber vi om at de inkluderes i høringslisten. Som følge av lovkrav fra NVE har flere av nettselskapene endret navn. Det er viktig at riktig selskap med riktig navn blir inkludert i høringslisten.

Oversikt over områdekonsesjonærer:

Tårånli Kviteseid VTK Nett AS (Vest-Telemark Kraftlag Nett AS)

Kraftverk

Så langt vi kjenner til er det kraftverksinteresser i områdene Tårånli, Modalen, Svartejuv-Vestfjellet og Kleppefjell, utvidelse.

Mikrokraftverket Merdalsåi, som eies av Vrådal Kraft AS, har inntak ved en dam i Merrdalsbekken som ligger ved det foreslåtte verneområdet Tårånli.

Vi ber statsforvalteren sende verneforslaget til eierne av kraftverkene for å unngå at verneforslaget kommer i konflikt med drift, vedlikehold eller oppgradering av kraftverkene. NVE ber kraftverkseierne å uttale seg om hvorvidt vern vil være i konflikt med drift og vedlikehold av kraftverket. Deres hensyn med tanke på drift og vedlikehold, konsesjonsbestemmelser må bli ivaretatt.

Øvrige kommentarer til områdene

Tårånli

Mikrokraftverket Merdalsåi har inntak ved en dam i Merrdalsbekken som ligger ved det foreslåtte verneområdet. Vrådal Kraft AS eier mikrokraftverket. NVE ber statsforvalter å ta kontakt med Vrådal Kraft AS og be de å uttale seg om hvorvidt vern kommer i konflikt med drift, vedlikehold og oppgradering av kraftverk med tilhørende dammen. Vi oppfordrer Vrådal Kraft AS å gi uttalelse om tilpasninger som kreves i verneforslaget for å sikre drift, vedlikehold og oppgradering av kraftverk. Dersom det ikke forekommer noen konflikt, ber vi Vrådal Kraft AS å presisere dette.»

Vrådal Kraft AS (brev dagsett 24.03.2022):

«I det kartmaterialet som kom fram på en nettside, kan det se ut som grensa for verneområdet går helt i kanten på inntaksdammen til Mærdalsåi kraftverk på to sider. Pr i dag er ikke dette noe problem, men det kan på sikt bli nødvendig med rensk og sikring av inntaket. Det kan i tilfelle bli vanskeligheter med grensa helt inntil dammen. Alternativet til at grensa flyttes er i tilfelle at dette blir tatt med i generelle eller spesielle unntak fra vernereglene.

Videre vil vi gjøre oppmerksom på at det bare er nedre delen av fallet i Mærdalsåi som er bygd ut. Skulle den generelle energisituasjonen ytterligere øke behovet for grønn energi, ville det kunne bli aktuelt og forlenge rørgata opp til Mærdalen. Dette ville øke fallhøyden med 75 %, samtidig som det i svært liten grad ville påvirke nedslagsfeltet (vannmengde).»

Direktoratet for mineralforvaltning (brev dagsett 28.03.2022):

«Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å hindre at viktige førekomstar blir bandlagt av arealbruk som utelukkar framtidig utnytting.

Fråsegn frå DMF

DMF ga fråsegn til varsel om oppstart av vernearbeid for fleire av områda som no er lagt ut på høyring, datert 20.12.2022. Tre av områda røre ved mineralske ressursar eller bergrettar. DMF registrerar at vår uttale er tatt til etterretning i verneforslaga for Sannesnåsa, Hovdestøyl og Songedalsnuten. Vi har dermed ikkje merknader til desse eller andre områder utan registrerte mineralske ressursar.»

NVE (brev dagsett 29.03.2022):

«Verneforslag for Sannesnåsa og Tårånli berører reguleringsmagasin og kraftverk. I tillegg ligger det nettanlegg nært området Hovdestøyl og Songedalsnuten.

NVE gjør oppmerksom på at Telemark Energi AS (tidligere Midt-Telemark Energi AS), DE Nett AS (tidligere Drangedal Everk AS) og Vest-Telemark Kraftlag Nett AS (tidligere Vest-Telemark Kraftlag AS) har områdekonsesjon i de ulike verneområdene. Vi oppfordrer nettselskapene til å uttale seg om verneforslaget kommer i konflikt med eksisterende eller fremtidige prosjekter. NVE har ikke detaljert kjennskap til planer knyttet til distribusjonsnett. Det er spesielt viktig at områdekonsesjonærene uttaler seg om aktuelle planer. NVE ber nettselskapene å uttale seg selv i tilfeller uten konflikt.

For at selskapene skal ha mulighet til å uttale seg videre i prosessen, ber vi om at de inkluderes i høringslisten. Som følge av lovkrav fra NVE har flere av nettselskapene endret navn. Det er viktig at riktig selskap med riktig navn blir inkludert i høringslisten.

Kraftverk

Så langt vi kjenner til er det kraftverksinteresser i området Tårånli. Mikrokraftverket Merdalsåi har inntak ved en dam i Merrdalsbekken som ligger ved det foreslåtte verneområdet. Vrådal Kraft AS eier mikrokraftverket. NVE ber statsforvalter å ta kontakt med Vrådal Kraft AS og be de å uttale seg hvorvidt vern kommer i konflikt med drift, vedlikehold og oppgradering av kraftverk med tilhørende dam. Deres hensyn med tanke på konsesjonsbestemmelser, drift og vedlikehold må bli ivaretatt. Dersom det ikke forekommer noen konflikter, ber vi Vrådal Kraft AS å presisere dette.»

9.2. Generelle merknader til forskrifta ved lokal og sentral høyring

Lokal og sentral høyring

Forsvarsbygg (brev dagsett 01.02.2022):

«Vi registrerer at de generelle unntakene fra ferdselsbestemmelsene inkluderer hensynet til militær operativ virksomhet og avgang og landing med Forsvarets luftfartøy.

Vi har ingen ytterligere merknader til verneforslaget.»

Landbruksdirektoratet (brev dagsett 16.02.2022):

«Som instans for høyringa av forslag til oppretting av nye naturreservat, ønsker vi å gi nokre generelle innspel til verneprosessen.

Grundig beskriving av området

Av høyringsdokumenta må det komme tydeleg fram om og i tilfelle korleis det aktuelle området blir nytta til landbruksformål. Dersom det er landbruksinteresser i området som ikkje blir tatt omsyn til i utkast til forskrift, ber vi om at det blir grunngeve i høyringsdokumenta. Typiske landbruksinteresser kan vere (lista er ikkje uttømmande):

- o Skogsbilveg som er naudsynt for skogbruk på tilgrensande areal*
- o Traktorveg i samband med jordbruk*
- o Støl/seterområde*
- o Beite*
- o Reindrift*

Utforming av forskrift

Dersom det går vegar/ferdselsårer gjennom verneområdet, må Statsforvaltaren vurdere om det kan bli gitt føresegn om merking, rydding og vedlikehald av desse. Det bør bli lagt til rette for drift og vedlikehald av eventuelle støl-/seterområde og bli opna for andre tekniske tiltak som bidreg til ein landbruksmessig utnytting av området. Dersom slike tiltak ikkje er ønskeleg innanfor verneområdet, må det bli gitt ei fagleg grunngeving for dette i høyringsdokumenta.

Beite vil vere aktuelt i mange område som blir foreslått verna som naturreservat. Det bør difor bli vurdert om forskrifta kan opne for dette. Viss ikkje, må det bli gjort greie for kvifor i høyringsdokumenta. Dersom det blir opna for beiting i området bør det også bli utarbeida føresegn for utsetting av saltsteinar og oppføring/vedlikehald av gjerde og sankekvever.

For alle tiltaka over må det bli vurdert om det kan bli gitt føresegn om motorferdsel i samband med tiltaka. Det bør bli gitt generelt unntak frå føresegna om ferdse i samband med uttransportering av sjuke og skadde bufe.

Vi går ut frå at Statsforvaltaren sin landbruks- og reindriftsfaglige kompetanse blir involvert i utforming av forskrift og verneplan. Det vil også vere nyttig å involvere den lokale landbruksforvaltninga i arbeidet.»

9.3. Statsforvaltaren sine kommentarar og tilrådingar til dei generelle merknadene

Lokal og sentral høyring

Når det gjeld fråsegnene frå NVE, som peikar på at det er viktig at aktuelle instansar på energi-/kraftproduksjon vert innlemma på høyringslistene, så meiner Statsforvaltaren at det har skjedd i saken om Tårånli. Mellom anna har Vrådal Kraft AS sendt inn eige uttale til saka. NVE og Vrådal Kraft AS peikar baa to på at forslaget til avgrensing av Tårånli ligg nær inntaksdam til Merrdalsåi kraftverk. Sistnemnde meiner det i framtida kan vere aktuelt med reinsk og sikring av inntaket. Då kan det bli problem med vernegrensa heilt inntil dammen. Ein ber difor om at det som eit alternativ til å flytte grensa kan gjerast unnatak for dette i vernereglane. Statsforvaltaren har vurdert dette nærare og finn at det beste vil vere å endre noko på grensene. Endringa utgjer om lag 6 daa som går ut.

Når det gjeld fråsegna frå Landbruksdirektoratet så vil vi seie at det føreslegne området ikkje har støl/seterområder, men skulle det vere aktuelt med beitedyr her er det tatt høgde for det og dei andre innspela i verneforskrifta, jf. § 4 bokstav b og g, § 6 bokstav a, § 7 bokstav c, f og i.

9.4. Merknader til det føreslegne området

Lokal høyring

Ingen merknader.

Sentral høyring

Ingen merknader.

9.5. Statsforvaltaren sine kommentarar og tilrådingar til det føreslegne området

Statsforvaltaren har ikkje kommentarar her.

Konklusjon

Statsforvaltaren rår til at Tårånli naturreservat vert verna. Statsforvaltaren har teke med areal frå det fyrste og andre tilbodet om frivillig vern i denne tilrådinga. Ein er kjend med at

det er signert avtaler med grunneigarane som sto bak det fyrste tilbodet gjennom NORSKOG. Det ligg ikkje føre avtalar på noverande tidspunkt for utvidingstilbodet gjennom AT Skog, men det vert jobba med det frå AT Skog sin side. Miljødirektoratet må avgjere om det er mogleg å taka med heile tilbodsområdet fram mot vernevedtak.

Tårånli dekkjer inn visse manglar i skogvernet, mellom anna på høgareliggande gamal granskog. Den totale mangeloppfyllinga vert vurdert som låg-middels. Under verneprosessen har forskrifta blitt endra på eit punkt, jf. § 4 i. Avgrensing av vernegrensa er etter høyringa justert noko i området der inntaksdammen til Merrdalsåi kraftverk ligg. Eit areal på seks daa vart teke ut. Sjå vedlegg med forskrift og eige vedlegg for vernegrenser.

Vedlegg 1.

Forslag til forskrift om vern av Tårånli naturreservat i Kviteseid kommune i Vestfold og Telemark fylke

Fastsett ved kongeleg resolusjon med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldloven) § 34 jf. § 37 og § 62. Fremma av Klima- og miljødepartementet.

§ 1. (føremål)

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit urørt og samanhengande område som har særleg verdi for biologisk mangfald på grunn av førekomst av gamal granskog, høgstaudeskog og lågurtskog.

Området har særskilt naturvitskapeleg verdi på grunn av førekomst av barlind, sjeldne og truga artar av sopp og lav, samt gamle tre og daud ved.

Det er ei målsetting å behalde verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2. (geografisk avgrensing)

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Kviteseid kommune: 2/4, 3/1, 3/5, 3/7, 4/1, 11/8.

Naturreservatet dekker eit totalareal på ca. 3544 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet20xx. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal mekast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Kviteseid kommune, hos Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3. (vernereglar)

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp medrekna lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrning. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for turrlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller anna form for forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske utryddingsmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

§ 4. (generelle unntak frå vernereglane)

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. Sanking av bær og matsopp.
- b. Beiting.
- c. Jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk.

- d. Oppsetting av mellombelse mobile jakttårn for storviltjakt.
- e. Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.
- f. Forsiktig rydding av små buskar og kvist på postar i samband med jakt på storvilt.
- g. Utsetjing av saltsteinar.
- h. Brenning av bål med tørrkvist frå bakken eller ved ein har tatt med, i samsvar med gjeldande lovverk.
- i. *Nødvendig rydding av vegetasjon på opp til 3 daa rundt gamal staul på Ufsebu, avmerka i vernekartet.*
- j. Vedlikehald og merking av stigar og traktorvegar teikna inn på vernekartet.
- k. Vedlikehald av bygningar og andre anlegg og innretningar i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet.

§ 5. (regulering av ferdsel)

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel på land og i vatn er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Utanom eksisterande stigar er sykling, riding og bruk av hest forbode.

§ 6. (generelle unntak frå reglane om ferdsel)

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er fastsett av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje for øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. Naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsame mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring.
- b. Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- c. Landing og start med Forsvaret sine luftfartøy.

§ 7. (spesifiserte dispensasjonsreglar)

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje dispensasjon til:

- a. Tiltak i samband med forvaltning av vilt.
- b. Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stigar, løyper og gamle ferdselsvegar.
- c. Hogst av etablerte plantefelt.
- d. Istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.
- e. Avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar som nemnt i § 3 bokstav d.
- f. Mellombels gjerding i samband med beiting.
- g. Øvingskøyring for formål nemnt i § 6 første ledd.
- h. Uttransport av felt elg og hjort med anna køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd bokstav b.
- i. Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 bokstav g, j og k og § 7 bokstav a, c, d og f.

§ 8. (generelle dispensasjonsreglar)

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strid mot formålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til

tryggleik eller til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 9. (*skjøtsel*)

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

§ 10. (*forvaltingsplan*)

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11. (*forvaltingsstyresmakt*)

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltingsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 12. (*iverksetjing*)

Denne forskrifta trer i kraft straks.